

Oppsummering frå gruppearbeid om pakkeforløp heim

Bakgrunn

I samband med innføring av pakkeforløp heim i Helse Bergen sitt føretaksområde, vart det arrangert ein workshop 10. mars i år med over 80 deltakarar. Det var tilsette frå kommunar og sjukehus som deltok saman med brukarrepresentantar.

Etter ulike innleiingsføredrag vart deltakarane fordelt på ulike grupper, og arbeidde i to økter med følgjande spørsmål:

Del 1:

- a) Kva er viktigast for pasientane når det gjeld pakkeforløp heim?
- b) Korleis kan vi i samarbeid dekke pasientanes behov når pakkeforløp heim vert innført?

Del 2:

- a) Dekker «skissa» til lokalt pakkeforløp heim det som er viktig for pasientane?
- b) Kva forbetringar bør eventuelt gjerast?
- c) Korleis bør det informerast om pakkeforløp heim?

I arbeidet med pakkeforløp heim har partane vore einige om å leggje seg tett opp til dagens praksis som mogleg. Det vil seie at ein i hovudsak held fram med dagens rutinar for samhandling, men at det no vert meir systematisk og strukturert for alle pasientar som har kreft.

Under fylgjer oppsummerande punkt, som søker å dekke innspela frå dei ulike gruppene:

1a) Kva er viktigast for pasientane når det gjeld pakkeforløp heim?

- Sikre at pasientane får eit kontaktpunkt/-person i både sjukehus og kommune
- Sikre gode overgangar og god dialog mellom sjukehus og kommune
- Gi pasientane hjelp til å koordinere og sortere i samband med ulike individuelle behov for oppfølging
- Avklare ansvar for å sette i verk og gjennomføre eventuelle tiltak som pasientane har behov for
- Pasientane må få god informasjon om kva pakkeforløp heim er

1c) Korleis kan vi i samarbeid dekke pasientanes behov når pakkeforløp heim vert innført?

- Etablere gode og enkle rutinar i både sjukehus og kommunehelsetenesta for gjennomføring av kartlegging og overføring av informasjon, som avdekker behov og avklarar ansvar for vidare oppfølging.
- Pasient (og pårørande) bør få skjema og informasjon om pakkeforløp heim i tilstrekkeleg tid før karleggingssamtale
- Lik informasjon, som sikrar felles oppfatning (forventning) om kva pakkeforløp heim er og skal bidra til

2a) Dekker «skissa» til lokalt pakkeforløp heim det som er viktig for pasientane?

- Ja, skissa er eit godt utgangspunkt når det gjeld vala knytt til at:
 - a) eksisterande samhandlingsrutinar skal nyttast så langt som råd er,
 - b) ulike forløp krev ulike tidspunkt for fyrste kartlegging
 - c) ein tek i bruk same standardiserte kartleggingsskjema i alle sjukehus og i alle kommunane i regionen
- Svært viktig at det er enkelt å finne rett mottakar i adresse-/mottakarlista når sjukehuset skal sende notat. Det må være mogleg å sende notat frå både poliklinikk, dageining og sengepost, og notatet må gå til både forvaltningseining og fastlege. Notat til kommune må være merka «pakkeforløp heim», slik at det lett å skilje ut frå andre notat. Det er fint om pasienten får innsyn i notatet på Helsenorge.no. Dersom pasienten takkar nei til pakkeforløp heim er det viktig at kommunen og fastlege vert orientert.

2b) Kva forbetringar bør eventuelt gjerast?

- Tilsette i sjukehuset må gjerast kjent med kva oppfølgingstilbod kommunane har i samband med pakkeforløp heim
- Tiltak for å fange opp pasientar som eventuelt har takka nei, slik at dei får ein ny sjanse

2c) Korleis bør det informerast om pakkeforløp heim?

- Både sjukehus og kommune må informere om pakkeforløp heim i ulike informasjonskanalar som: innkallingsbrev, konsultasjon, heimesider, brosjyrar, skjermar på legekontor og kommunetorg mm.
- Informasjonen som gis i sjukehus og kommune må være konsistent. Ein bør nytte nasjonalt utarbeidd informasjon med eventuell lokal tilpassing ved behov.